

**Opningstale Oslo Museum 11. september kl. 13.00**

## **Kor lenge varar ein krig?**

### **ARR – OG ANGST – OG ARV – OG SMERTE**

#### **Krig skapar arr i landskap og arr i menneske, korleis gror arr?**

Fotoutstillinga "Kor lenge varar ein krig" er meint å gje eit inntrykk av dei kjenslemessige banda mellom norsk-vietnamesarar med familie her i dag - og familie, vener og kjente som bur i Vietnam eller andre stader.

Historiene er fortald med låge stemmer fulle av smerte og vonde minne. Fotografia er og varsame med kva dei viser, mange kan kjenne seg att i situasjonane, men ingen skal føle seg utleverte.

Utstillinga er og om det vakre landet Vietnam med ein rik kultur og stolte menneske; landet mange har reist frå for å få eit betre og fredelegare liv og framtid i eit anna land langt unna.

Mange har slått seg ned i Noreg. Nokre valde å koma hit, andre kom hit meir eller mindre tilfeldig, men har busett seg her, slått røter og fått barn og familie som er vietnamesiske og norske samtstundes, men som alle har arra med seg i arv ...

Det er i alt 19 000 med vietnamesisk bakgrunn som bur her, mange av desse er fødd i Noreg. Alle har det til felles at dei har familie att i gamlelandet som er i tankane jamt og trutt.

Menneske dei drog i frå i ein akutt farleg situasjon. Ved at dei drog, sette familien som var att i ein ofte enda farlegare situasjon. Til og med i dag, mange år etter, er dette framleis vanskeleg og trugande for dei som er att.

*Det er rart her i dag på fredelege Frogner gard, å skjøne dette. Her er det fridom til å meine og seia kva ein vil, ingen trugar vi i kvardagen.*

Men for dei som har opplevd krig tett innpå seg, har kjempa for det dei trudde på, vil fred og ro aldri feste seg heilt, minna og usikkerheita sit i kroppen, i hjertet og i musklane – og slepp aldri heilt taket, kjem att og att.

Tankane på nær familie som opplever yrkesforbod, blir nekta utdanning, lever under tronge rammer i sitt eige heimland, bli blanda med minne om vanskelege opplevingar frå heimlandet i brutal krig og konstant ufred – det gjev uro i kroppen, skal da krigen aldri ta slutt?

-----

Krigen mot kolonimakta Frankrike for å bli frie, seinare med Amerikanarane, og borgarkrig gjennom over 20 år er tungt for eit folk og for eit land som er splitta.

Når skal det bli godt å bu i Vietnam att? Når kan det bli godt å tenkje på familie, vener og tidlegare liv i heimlandet? Når kan ein bli trygg på at dei langt der borte kan ha gode og trygge kvardagar? Kor lenge varar ein krig? Krig er ikkje noko rasjonelt, krig er i sitt vesen irrasjonelt.

For Vietnam er såra store med restar etter bombekrater etter 13 mill tonn bomber, 77 millionar liter kjemikalier har lagt øyde jordbruksland, med forgifta arr i landskapet.

Mange millionar døde, fleire sivile enn militære, alle blir sakna av sine, men mange får ikkje vise fram saknet med minnelundar og gravplassar. Såra er store i folka som overlevde mange år med geriljakrig og terrorvelde.

Naturen veks sakte til att, nye generasjonar veks opp, - men minna sitt brent fast, korleis gror arr?

-----

Norsk Lokalhistorisk Institutt har vore med og laga denne dokumentasjonen og utstillinga. Mange lurar på kvifor det.

Lokalhistorie er historia som alle eig saman, tett på menneska, ikkje om kongar og flotte slott, men om stadnamn, skulegang, butikkar, fotballkampar, songar og dansar, arbeidsliv med dyrking av jord og sal av det ein har dyrka, eit felleseige lokalt i dei små historiene – men som saman blir større enn noko anna historie – og her i utstillinga ser vi nokre av desse lokalhistoriene.

Med å ha ei felles historie og felles hukommelse kan ein finne glede og trøyst saman og hjelpe kvarandre. Felles smerte om grufulle opplevingar er lokalhistorie der kvart menneske har sin spesielle bit som må forteljast – og vandre vidare frå generasjon til generasjon.

Tradisjonsoverføring med kunnskap om eige kultur, blanda med opplevingar er ein del av bearbeidinga av det som er vanskeleg; ein del av det å prøve å forhindre at urett skal skje på nytt. Og ein del i det å ha med seg noko frå sitt heimland inn i ei ny tid i eit anna land der nye generasjonar veks fram i nye omgjevnader-.

Med utstillinga møter vi menneske i Vietnam i dag. Desse har fortalt historier med eige ord for at andre skal få oppleva, dele det vanskelege og det gode, prøve å forstå... Vi møter eit stolt folk som ikkje skjems over fortida med krig, men der mange er redde i kvardagen.

.....

Krigshandlingane i Vietnam har vorte fortalt i samtid og i ettertid av Amerikanarane, dei prega media med sine tal på falne og siger og tap.

Soldatane som vendte heim var og øydelagde fysisk og psykisk. Det gjaldt å teia, fortelja heltehistorier, gløyme det abnorme dei hadde vore med på og det vakre landet dei ikkje kunne nyte, men la bak seg i eit flammehav.

Dei fekk lov til å prege historiene i vestlege historiebøker om Vietnam. Om ein krig utan sympati for landet og folka som budde der. Ingen omsorg for naturen som var lagt øyde, ingen sorg over alle menneska som mista livet, vart skada, mista framtida. Ingen sorg over ein kultur som ikkje fekk blomstre.

Men: kor lenge varar ein krig? Når er ein krig over? Og kven seier at nå er det over? Kven fortel historiene etterpå når det har vorte fred? Kvar finn vi dei andre historiene? - Vi finn dei i minna, i menneska, i landskapa – om ein krig som aldri heilt vil ta slutt– og vi finn dei her i denne utstillinga.

-----

Det er umogeleg ikkje å nemne 9.11 og ground zero på ein slik dag. Vietnam krigen er mange Twin Towers i antal døde.

.....

Det er og umogeleg å ikkje nemne at det framleis er mange stader der menneske blir drept av krigshandlingar og terror utan at sterke røyster på verdsbasis knyttar neven og seier nok er nok.

9.11 har vorte eit symbol for veldig mange, trugsmålet og usikkerheita med moderne krigføring kom mange tett inn på livet i den trygge, gode kvardagen den dagen for 9 år sidan. Dette var ei usikkerheit som Vietnam levde med dagleg i mange år. Kor mange har ikkje dette trugsmålet og usikkerheita tett innpå seg kvar dag – nokre heile livet? Kor mange har ikkje med seg minne frå krig kvar dag, resten av livet?

.....

I Noreg seier vi "krigen" og alle veit at vi meiner 2. Verdskrig, 5 år med okkupasjon, og eit par månader med krigshandlingar. For nokre varar denne krigen enno, inni dei, med harde opplevingar og store tap. Nokre dyrka krigen – etterpå – medan andre har vore tause. Tunge minne, mange som fekk heltestatus etterpå. Andre fekk stempel som svikarar. Alle kjempa for det dei trudde på. Framleis heng dette ved over 65 år etter at freden kom hit.

.....

Moderne krigføring har brakt med seg krigshandlingar inn i fredlege kvardagar langt frå der krigshandlingane skjer. Krigar i før-industriell tid var greie å forstå: soldatar sto oppmarsjert og ein skaut på kvarandre. I mellomalderen var ein krig over om kongen vart skoten.

Moderne krigføring råkar alle: soldatar, kvinner, barn, menn, journalistar, kulturminne, sjukehus – alt er tilsynelatande lov. Og med Vietnamkrigen kom dette endra synet på krigføring; kva som var kunne legaliserast som krigføring og geriljakrig.

.....

Denne utstillinga er viktig for å få fram fleire historier, fleire sider ved denne krigen som alle kjenner namnet på, men som få kjenner realitetane ved.

Fotografia er tekne av fotograf André Clemetsen som drog åt Vietnam og tok fotografi av stader knytte til krigen og møtte menneske som opplevde krigen, overlevde krigen, og lever vidare med krigen inni seg.

Folklorist Ida Tolgensbakk Vedeld har vore med og intervjuar personar som bur i Vietnam og norsk-vietnamesiske båtflyktningar. Saman med fotografia gjev tekstane tankevekkande innblikk i band og spenningar mellom menneske som er vorti skilt på grunn av ein krig og korleis krigen har evig liv etter at han er slutt.

Utstillinga er eit samarbeid mellom Norsk lokalhistorisk institutt, Norsk vietnamesisk senter og fotograf André Clemetsen.

Ein stor takk åt alle for dette viktige arbeidet. Det er mi store glede å opne utstillinga og tru at mange vil koma og sjå fotografia, høyre historiene og kan hende lære noko nytt om ein gamal krig, ein krig som framleis lever i minna.

Korleis gror arr i menneska og i landskapet?

Torveig Dahl

*Styreleiar Norsk Lokalhistorisk Institutt*